



Ingrid Marie Bachmann
Kleivdalsvegen 12 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4856 - 21/42866

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
18.06.2021

Ferdigattest einebustad - gbnr 196/68 Midtgård

Administrativt vedtak: Saknr: 704/21
Tiltakshavar: Ingrid Marie Bachmann
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 196/68.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.11.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 25.05.2021.

Skildring

Adresse:	Kleivdalsvegen 80
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300772658
Bruksareal:	294m ²
Avlaup:	Offentleg kloakk
Vatn:	Kommunalt vassverk
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4856

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingrid Marie Bachmann	Kleivdalsvegen 5915 12 A	HJELMÅS
Kristian Storgaard Nielsen	Kleivdalsvegen 5915 12 A	HJELMÅS
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28 5912	SEIM